Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ullsfjord

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: J. Hegglund

Gard:

(adresse): Skolegt. 41, Tromsø.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I ei kystbygd - eller rettare fjordbygd - som vår er det mange slag hjelpefor som nyttas, serleg når "vårknipa" tar til for ålvår. Det er i stor mon tang og tare, småsild, fiskeavfall, rognkjeksa og frå skog og mark lyng, ris, haugras og bark.

2. Noko samnamn brukas ikkje.

3. Bøygninga blir visst slik: Skjev ell. skave, skov ell. skava, skovve ell. skavd ell. skava.

4. Ja. - Det blei visstnok bare nytta som "bidtrøyje" for sauene når dei var ute.

5. Rogn, bjørk, furu og vier. Det beste var rogn og bjørk.

6. Ja, rogn er framleis for det

1032

meste halla skav her i bygda. Men ein skjoveling er lite ofte av fûrû eller bjørk og blir ofte sett av til bakstoved når den er tørr.

7 Nei. —

8 Ku, sau og geit fekk skav når det brukes til for. Mulig at det blei blanda med mel.

9 Ein meinte visst at kyrne fekk mindre mjølk av skav.

10 Skavved blei hoggen og kørt heim under vedkjøring om vinteren. Det var ofte slike tre som ein skulle bruke til ekstra godt brensel eller emneved seinare.

12 -13. Ukjent.
14. Se 10.
15 Ute, dit vanlig.
16 Ridskapen halla ein skavel eller skjevel og den såg slik ut:




Beslaget var smidd eller forma til av ein gamal ljå.

1032

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17 - 18 - 19. Vanleg var det vel å
legge skavstokken over sag-
krakken når ein skava.
Ein stod da ved sida av
stokken og brukte begge hender
på skavelen.

20 Skjoling eller skavhjepp

26 Trur ikkje skav blir nytta
no meir til husdyrfor, bortsett
frå at sauene kan gnage når
dei kjem til. I bygder der dei
nyttar komagen til fotbunad
om vinteren, skaver dei bork av
selje og vier som blir kokt borkelog
av. Fottøyet borkes i dette eit par
ganger for vinteren.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING